

Tilleggsinnkalling
av
Formannskapet

Møtedato: 14.11.2022
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 10:30 - 14:30

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Saksliste:

114/2022 Søknad om forskottering av spelemidlar og meirkostnader ved flomlys, Nordbygda idrettsanlegg<

15. november 2022

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frank Kvinge	FA-D11	22/1029

Saknr	Utval	Type	Dato
114/2022	Formannskapet	PS	14.11.2022

Søknad om forskottering av spelemidlar og meirkostnader ved flomlys, Nordbygda idrettsanlegg<

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Masfjord Fotballag søknad om forkottering av spelemidlar og meirkostnader ved flomlysanlegg 27.10.2022	15.11.2022
Avtale om pliktar og ansvar i samband med etablering av parkeringsplass og traktorveg m m - Nordbygda sentralbaneanlegg	08.11.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak:

Kommunen imøtekjem søknaden frå Masfjord fotballag og dekkar meirkostnaden kr 540 046 ved oppgradering av Nordbygda idrettsanlegg.

Det vert inngått ein forskotteringsavtale der det går fram at forskottering kr 800 000 vert utbetalt til Masfjord fotballag innan utgangen av 2022, og tilbakebetalt når spelemiddeltilskot er utbetalt.

Midlane vert henta frå disposisjonsfondet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I søknad datert 22.10.22 søker Masfjord fotballag om forskottering av spelemidlar, og tilleggslyyving for meirkostnader ved HMS-tiltak på flomlysanlegg ved Nordbygda idrettsanlegg.

Vedlegg: Søknad.

Fakta

Masfjorden kommune står som eigar av Nordbygda idrettsanlegg.

I Kommunestyresak KS- 070/2021 vart det gjort vedtak om at Masfjord fotballag etter søknad får ansvaret for å oppgradera flomlysanlegget og byggja nytt parkeringsareal og traktorveg med vidare i og ved Nordbygda idrettsanlegg.

Masfjord fotballag tok på seg byggherreansvaret på vegne av Masfjorden kommune.

Masfjorden kommune betalte i tråd med kommunestyrevedtak tilskot kr. 1,5 mill. til Masfjord Fotballag ved oppstart av prosjektet.

Det vart laga skriftleg avtale mellom kommunen og fotballaget om plikter og ansvar i samband med tiltaket.

Vedlegg: Avtale om plikter og ansvar

I avtalen står det at Masfjord fotballag har ansvaret for å finansiera ekstrakostnader utover kr 1,5 mill inkludert mva, og at dei kan søkja forskottering av spelemidlar til flomlysanlegget i tråd med godkjent søknad om spelemidlar.

Arbeidet med installering av nytt flomlysanlegg er no slutført. Undervegs i arbeidet viste det seg at fleire av dei fjerna tremastene var i så dårleg forfatning at det ville vera ein høg risiko å bruka dei øvrige tremastene vidare. Det vart difor av HMS- omsyn til aktiviteten og brukarane anskaffa stålmaster til alle lyspunkta ved anlegget. Meirkostnader ved dette tiltaket vart kr 540 056.

Vurdering

Tilskot til meirkostnader

Masfjord fotballag har i samarbeid med dei lokale entreprenørane utført oppdraget både med lysanlegg og parkeringsareal på ein god og effektiv måte, og på ein måte som har gjort at aktiviteten ved anlegget har vorte minimalt berørt.

Det nye flomlyset er ei solid oppgradering, både med tanke på lyskvalitet og HMS.

Tiltaket er gjennomført med minimal kommunal involvering utover å yta tilskot.

I kommunestyresak KS- 070/2021 vart det gjort vedtak på bakgrunn av søknad frå Masfjord Fotballag, utan at saka på førehand var administrativt utgreia. Administrasjonen og kommunestyret hadde difor i liten grad innsyn i omfanget av tiltaket, og om kostnadsramma var realistisk. I prosjektavtalen mellom eigar (kommunen) og byggherre (fotballag) går det fram at «*ekstrakostnader utover kr 1,5 mill inkludert mva er det Masfjord fotballag som har ansvaret for å finansiera*».

Søkar meiner at meirkostnadane det no er snakk om ikkje vedkjem det prosjekterte tiltaket, men er eit ekstra behov ut frå eit HMS-perspektiv. Dei gamle tremastene utgjorde ein fare med omsyn til aktiviteten og brukarane av anlegget. Å løysa dette problemet i samband med installeringa av det nye flomlysanlegget, med entreprenør og rigg på plass, var etter søkar si meining arbeidssparande, mindre kostnadskrevjande og tryggare enn om kommunen som eigar ved eit seinare høve, og kanskje etter at skader har skjedd, skulle løysa denne HMS-utfordringa.

Rådmannen har forståing for at det var naudsynt å skifta ut dei gamle stolpane.

Spørsmålet er kven som skal betala for denne meirkostnaden. Det hadde vore ein fordel at utskiftinga hadde vore avklart før arbeidet var påbegynt. Uansett ville denne utskiftinga blitt påkrevd innan få år, og då ville anleggseigar Masfjorden kommune vorte ansvarleg for kostnadane ved

arbeidet.

På bakgrunn av dette rår ein til at kommunen tek meirkostnaden kr 540 046

Forskottering av spelemidlar

Installering av flomlysanlegget er spelemiddelberettiga, og det vart sendt søknad for 2022. Søknaden er godkjend, men grunna for liten pott til fordeling står tiltaket i kø for utbetaling av tilskot. Etterslepet på utbetaling av spelemiddeltilskot til « Ordinære anlegg» er for tida 3-4 år.

Ved fornying av søknaden for 2023 vil Masfjord fotballag dela søknaden opp i to del søknader, ein for kvar av dei to banene. Dette vil utløysa ytterlegare kr 100 000 i spelemidlar, slik at samla spelemiddeltilskot blir kr 800 000.

Ser ein på andre spelemiddelsøknader dei seinare åra har kommunal forskottering av spelemidlar eller rentefrie lån i stor grad vore praksis, og eit viktig verkemiddel for at søkarane har kunne gjennomføra tiltak, og såleis tilføra kommunen gode idrett- og friluftsanlegg, med variasjon og breidde.

Rådmannen rår til at det vert inngått ein forskotteringsavtale der det går fram at forskottering kr 800 000 vert utbetalt til Masfjord fotballag innan utgangen av 2022, og tilbakebetalt når spelemiddeltilskot er utbetalt.

Konklusjon

Kommunen imøtekjem søknaden frå Masfjord fotballag og dekkar meirkostnaden kr 540 046 ved oppgradering av Nordbygda idrettsanlegg.

Det vert inngått ein forskotteringsavtale der det går fram at forskottering kr 800 000 vert utbetalt til Masfjord fotballag innan utgangen av 2022, og tilbakebetalt når spelemiddeltilskot er utbetalt.

Midlane vert henta frå disposisjonsfondet.

Masfjord Fotballag
5981 Masfjordnes

Masfjorden kommune
5981 Masfjordnes

Masfjordnes, 27.10.22

SØKNAD OM FORSKOTTERING AV SPELEMIDLAR OG TILLEGGSLØYVING FOR MEIRKOSTNADER MED FLOMLYSANLEGG VED NORDBYGDA IDRETTSANLEGG.

Masfjord FL har no slutført installeringa av nytt flomlysanlegg ved Nordbygda idrettsanlegg og gjennomført slutt møte med Masfjorden kommune.

Endringar frå opprinneleg prosjektering er gjort på bakgrunn av at ein la til grunn å kunne bruke deler av lysmastene i tre til det nye anlegget. Undervegs viste det seg at fleire av dei fjerna tremastene var i så dårleg forfatning at det ville vere ein høg risiko å fortsetje også å bruke dei øvrege tremastene. I samråd med kommunen sine representantar valgte ein å anskaffe nye stålmaster til alle lyspunkta ved anlegget. Dette medførte sjølvstakt ein meirkostnad men og ein forholdsvis høgare kostnad på bakgrunn av ekstra transport og ikkje minst leveringssituasjonen (marknadssituasjonen i Europa) på råvarer i dette tidsrommet.

Med god hjelp av dei lokale entreprenørane klarte ein å ferdigstille anlegget slik at ein fekk lys på anlegget til haustmørket kom og aktiviteten ved anlegget har vorte minimalt berørt.

Meirkostnadane vedkjem dermed ikkje det prosjekterte tiltaket men ekstra behov ut frå eit HMS omsyn til aktiviteten og brukarane av anlegget. Det er vidare lagt opp til at ein søker om 2 delsøknader til spelemidlar, hhv for hovedanlegget og for treningsfeltet. Det vil medføre at ein kan søkje om hhv. kr. 700.000,- og kr. 100.000,- i spelemidlar i jan 2023.

Meirkostnadane fordeler seg slik:


2 stk. stålmaster 20 M	kr. 196.250,-
3 stk. 8 m stålmaster inkl. el montering	kr. 148.750,-
Betongfundament 20 m mast	kr. 20.075,-
Anleggsarbeid treningsfelt	kr. 43.066,-
Leige av lift	kr. 2.875,-
Leige av kranbil	kr. 6.160,-
Anleggsarbeid ekstra 20 m stolper	kr. 122.880,-
Sum meirkostnader:	kr. 540.056,-

Masfjord Fotballag søker hermed Masfjorden kommune om forskottering av spelemidlar for til saman kr. 800.000,- og tilskot til meirkostnadar for HMS tiltak på kr. 540.056,-

Med helsing

Arild Haugsvær

Masfjord FL, leiar



Avtale om pliktar og ansvar i samband med etablering av parkeringsplass og traktorveg med meir ved Nordbygda sentralbaneanlegg

Denne avtalen er inngått mellom:

Masfjord fotballag

og

Masfjorden kommune

Bakgrunn for avtalen

Kommunestyrevedtak KS- 070/2021. Avtalen handlar om at Masfjorden Fotballag skal oppgradere flomlysanlegget og byggje nytt parkeringsareal og traktorveg med vidare i og ved Nordbygda idrettsanlegg, jf kart av 06.12.2021, sjå vedlegg 1.

Ansvar:

Masfjord fotballag tek på seg byggherreansvaret på vegne av Masfjorden kommune. Masfjord fotballag tek difor på seg ansvaret for alt som skjer i samband med byggjefasen, inkludert ansvar for helse, miljø og tryggleik.

Eigartilhøve når anlegga er ferdig bygd:

Masfjorden kommune er eigar av Nordbygda sentralbaneanlegg og overtek (vert eigar av) parkeringsplassen, lysanlegget og løpebana i samband med ferdigstilling, og slik grunneigaravtalen, (sjå vedlegg av 06.12.2021.) legg opp til med omsyn på ansvar for traktorvegen.

Fakturering

Alle fakturaer i samband med parkeringsanlegget og bygging av traktorvegen skal adresserast til Masfjord Fotballag. Masfjorden kommune betaler i tråd med kommunestyrevedtak i sak -070/2021 av 2.12.2021 tilskot kr. 1,5 mill. til Masfjord Fotballag ved oppstart av prosjektet. Ekstrakostnader utover kr 1,5 mill inkludert mva er det Masfjord fotballag som har ansvaret for å finansiera. Forskottering av spelemidlar til flomlysanlegget kan Masfjord Fotballag søkja om i tråd med godkjent søknad om spelemidlar.

Traktorveg og bruk av sprengmassar og tilkomst til pumpehuset

Overskotsmassar skal som ein del av prosjektet nyttast til å bygga traktorveg rundt idrettsbana i samsvar med vedlagt grunneigaravtale og kart. Denne vegen må byggjast slik at ein kan koma til pumpehuset ved kunstgrasbana med lastebil i samband med drift/utskifting eller anna vedlikehald ved kloakk- pumpestasjonen.

Møteplass langs tilkomstvegen ned til idrettsbana.

Etablering av møteplass i tilkomstvegen ned til idrettsbana må avklarast særskild med Masfjorden kommune. Masfjorden kommune kan yta tilskot til møteplass etter nærare avtale.

Byggjemøte

For å sikre god framdrift og ivareta andre kommunale tekniske anlegg/infrastruktur skal det holdast møte mellom byggherre, entreprenør og kommune ved oppstart, og undervegs etter behov. Grunneigar gnr 14/3 skal og ha innkalling til desse møta. Masfjord Fotballag skal ha ansvaret for å kalla inn til byggjemøte.

Ferdigstillingsprotokoll

Ferdigstillingsprotokoll skal lagast etter felles synfaring mellom partane og kommunen overtek anlegga når eventuelle avvik er retta opp.

Dato 14/02-22 / Stad Masfjordnes

Arild Høyem

Masfjord fotballag
Org. nummer

Dato 07/02 / Stad Sandnes

Kasper Holm



Masfjorden kommune
Org.nummer: 945627913

Vedlegg 1: Kart over anlegget

Vedlegg 2: Grunneigaravtale/ avtale om gjensidig bruksrett av 06.12.2021

Vedlegg 1

Kart som viser anlegget



Kir

Vedlegg 2

AVTALE OM GJENSIDIG BRUKSRETT VED NORDBYGDA SENTRALBANEANLEGG

1. Avtalepartar

Denne avtalen er inngått mellom:

Gnr 14/ 3 ved Arne Rilsnes (grunneigar)

og

gnr 14/53 Masfjorden kommune (grunneigar/tilretteleggjar).

2. Bakgrunn for avtalen

Arbeidet med å leggja kunstdekkje på løpebanene ved anlegget, og nytt lysanlegg, ser ein behov for eit avtaletillegg/presisering som ivaretek begge partar sine interesser.

3. Omfang av avtalen

Avtalen omfattar gjensidig bruk av grunn ved idrettsbana. *Sjå vedlagt kart daga sett 06.12.2021.*

Avtalen er eit tillegg i høve tidlegare avtalar. *Sjå vedlagt skylddelingsdokument daga sett 12.10.1974*

Eigedomsgrensa vert ikkje endra av avtalen.

Grunneigar si næringsutøving vert ikkje avgrensa av avtalen.

Arne Rilsnes

- gir kommunen rett til opparbeiding av enkel traktorveg på utsida av gjerdet frå der tursti startar langs sørsida av idrettsbana og fram til eksisterande skogsveg til Ildalstjønn og pumpehus.
- gir kommunen rett til å nytta vegen i samband med vedlikehald av kunstgrasbane, lysmaster og av felling av skog på baneskulder.
- gir kommunen rett til å byta ut tre lysmaster på sørsida av gras- / frilidrettsbana, og å setja opp tre nye lysmaster på sørsida av kunstgrasbana. Alle desse vert montert på baneskuldra så tett inn til gjerdet som råd. Retten omfattar også seinare utskifting og vedlikehald.
- gir kommunen rett til å halda baneskuldrar fri for skog. *Sjå skrått merke på vedlagt kart daga sett 06.12.2021.*

Masfjorden kommune

- pliktar å gje grunneigar traktortilkomst til utmark/beiteområde utan at han må kryssa sjølve idrettsbana. Tilkomsten omfattar nedkøyring frå Nordbygda skule til nordvestsida av idrettsområdet, gjennom utvida port ved start på eksisterande turveg.
- pliktar å opparbeida ny traktorveg frå turvegen langs sørsida av idrettsbana (på utsida av gjerdet) og fram til eksisterande skogsveg til Ildalstjønn. *Sjå vedlagt kart daga sett 06.12.2021.* Vegen er gnr. 14, bnr 3 sin veg.
- pliktar å fella og transportera ålt trevirke/tømmier som må fjernast rundt idrettsbana til tilvist stad på broket. Arbeidet skal gjennomførast etter nærare avtale med grunneigar Arne Rilsnes.
- pliktar å halda dei fire store portane mellom idrettsbana og utmark lukka med hengelås. Grunneigar skal og ha nøkkel til låsane. Ved to av portane, der turvegen startar, og ved nedkøyrsef til Ildalstjønn, vert det sett inn «folkeport» i dei store portane. Desse står ulåst og er lett for brukarane å opna/lukka, td når ballar som har gått over gjerdet skal hentast. Kommunen pliktar å setja opp skilt om at folkeportane skal vera lukka når dei ikkje er i bruk.

4. Drift og vedlikehold

Kommunen har ansvar for etablering av, og kostnader ved, ny traktorvegtrase og for å halda baneskulder fri for skog.

5. Tvistar

Eventuelle tvistar om forståing av denne avtalen skal avgjerast i medhald av Lov om tvistemål og med Bergen tingrett som verneting.

6. Tinglysing

Retten kommunen har til å ha ståande seks lysstolpar på gnr 14 bnr 3 kan tinglysast. Desse stolpepunktta er avmerka på kart.

Retten til å halda baneskulder fri for skog på gnr 14 bnr 3 kan og tinglysast. Arealet er vist på kart dagsett 06.12.2021

Vedlegg:

- *Kart av området med innleikna vegtrase' og stolpefeste dagsett 06.12.2021*
- *Skylddelingsdokument dagsett 12.10.1974*

Masfjordnes, 06.12.21



Arne Johannes Råsnes
Personnr: 16014936754



Karsten Røhne
Masfjorden kommune (tilrettelegger)
Org.nr 945 627 913